

Årsmelding 2013

Lokallagets navn: LFA Møre og Romsdal

Dato for årsmøte: 15. mars 2014 , Molde Fjordstuer, Molde

MØTER / KURS

Det har vore halde 3 styremøte og årsmøte i perioden. På grunn av store avstander i fylket er telefon og e-post mykje brukt for kommunikasjon mellom styremedlemmene utanom styremøta og elles i interessepolitiske saker. Kontakta med regionkontoret er svært god. Fleire styremedlemmer har delteke på årsmøte, områdemøte og samling for lokallag i regi av NHF Nord Vest. LFA M&R har vararepresentant i regionstyret NHF Nord Vest. I tillegg hadde vi utsending til årsmøte i LFA sentralt. Leiar i LFA M&R er nestleiar i LFA sentralt og deltek på styremøte og i det interessepolitiske arbeidet sentralt, m.a. i ei arbeidsgruppe som fram mot landsmøtet i 2013 har diskutert og fremmar forslag til sentralsstyret om NHFs framtid. Leiar er brukarrepresentant i sjukehusavdeling ved Ålesund sjukehus og representerer amputerte og andre brukarar av ortopediske hjelpemiddel og vert også invitert som deltakar på eit årleg møte i brukarutvalet ved Helse Møre og Romsdal. Tora Sunde deltok på møte i Frivilligforum i Molde.

INTERESSEPOLITISKE AKTIVITETER

Styreleiar er leiar i kommunalt råd for likestilling av funksjonshemma i si kommune og varamedlem i det fylkeskommunale rådet, og kan også på den måten drive interessepolitisk påverknad.

Leiar er brukarrepresentant i samband med avtalen mellom Ålesund sjukehus og Trøndeleg ortopediske verksted AS (TOV) vedrørende levering av ortopediske hjelpemidlar. I møta vert LFA M&R sitt likemannstilbod presentert for leiing og tilsette ved rehab.avdelinga, ortopedisk avdeling samt ortopediingeniør og sentral leiing i ortopediverkstaden. Det har også vore gitt innspel til tilbodet om "gåskule" ved avdelinga. Ein av styremedlemmene er kontaktperson for NHF Nord Vest i si kommune og har nært samarbeid med regionkontoret i ulike saker som gjeld funksjonshemma i kommunen. Han er også med i ei ressursgruppe for bilsaker i regi av NHF Ålesund.

I samband med årsmøtet hadde vi aktuell informasjon frå regionkontoret, m.a. om den nye situasjonen i NHF sentralt, regionalt og lokalt etter store nedskjeringar i økonomi og personell. Klinikksjef for rehabilitering Helse Møre og Romsdal, Karl-Arne Remvik, orienterte om rehabiliteringstilbodet til amputerte i avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering ved Ålesund sjukehus. Han informerte også om planar og framtidig levering og tilpassing av

ortopediske hjelpemiddel i samband med ny leverandør, Trøndelag ortopediske verksted. Etter orienteringane var det høve til spørsmål og diskusjon.

MEDLEMSAKTIVITETER OG TILBUD

10 medlemmer deltok på årsmøtet. I tillegg deltok regionkontorleiar I NHF Nord Vest, Bjørn Jacobsen, med aktuell informasjon frå regionen. Etter årsmøtet var det servering og tid til ein god prat for dei frammøtte.

På eit felles medlemstreff på Kviknes hotell i Balestrand saman med LFA Hordaland deltok seks medlemmer frå oss. Det var langt å køyre, men vi hadde ein triveleg tur og det var fint å treffe andre medlemmer. Uflukta med båt til bygda Finden var ei flott og interessant oppleving.

1. november var det LFA-medlemstreff og omvisning i dei "nye" lokala på Ålesund sjukehus der Trøndelag ortopediske verksted (TOV) no er i ferd med å bygge opp nytt verksted. Etter omvisninga fekk vi servering og orientering om vidareutvikling av tilbodet.

LIKEMANNSARBEID

Laget har 3 aktive likemenn som gjennom året har hatt likemannssamtalar pr telefon. Det har ikkje vore forespørsel om likemannsbesøk frå sjukehusavdelingar eller andre dette året. På samlingar for medlemmene er det også likemannssamtalar, men meir i grupper enn "ein til ein-samtalar" som ved telefon og besøk.

TILSKUDD / GAVER / BEVILGNINGER

Mottekne tilskot: Frå Helse Midt-Norge kr 20 000 (til likemannsarbeid, opplæring av brukarrepresentantar og drift m.m)

Bevilgningar:

125.000

Til NHF Nord Vest: Tilskot kr. ~~75.000~~ til formålsretta aktivitet (med tilråding om bruk av tilskotet til å styrke det interessepolitiske arbeidet lokalt, t.d. områdemøte og opplæring/ oppfølging av NHF sine brukarrepresentantar i kommunale råd for funksjonshemma og andre råd og utvalg)

Kr 50000 er gitt som tilskot til NHFs talentutviklingsprogram. Ein medlem frå LFA var deltakar i programmet.

Alvhild Kvamme Iversen

13. februar 2014 Alvhild Kvamme Iversen, leiar

Kjell Erik Jora Sunde

Olav R. Mørk *Osvald Riecke*